

Bruk av idrettsanlegg og treningsfasilitetar i Skjåk kommune, inklusiv bruk av garderober.

Med omsyn til smittevern.

Skjåk kommune ynskjer at kommunale bygg som idrettshall og symjehall skal vere tilgjengelege for aktivitet retta mot barn og unge.

Idrettshall og symjehall

Skjåk kommune vil gradvis opne Skjåkhallen og symjehallen for skule og organisert idrett. Fleire tiltak blir innført for at det skal vere trygt å bruke anlegga når dei opnar. For å lukkast med opninga er vi avhengige av eit godt samarbeid med skule, idrettslag, reinhald og alle brukarar. Det er heilt avgjerande at bruk av hallen skjer innanfor dei gjeldande smittevernreglane, fastsett av offentlege myndigheiter og med eventuelle lokale tillegg. Opninga av hallane stiller krav til både driftspersonell, skule og dei ulike gruppene som trenar i hallen.

[Her finner du oppdaterte smittevernråd for kultur og idrett fra Folkehelseinstituttet](#)

God avstand er viktig

Barn og ungdom t.o.m 19 år: Det kan vere inntil 20 stk. i faste treningsgrupper i anlegget. Det er mogleg for fleire grupper på 20 personar å opphalde seg på treningsarealet samtidig. Det er eit vilkår at gruppene kan haldast fråskilde under heile aktiviteten. Dette betyr også at aktiviteten blir organisert slik at gruppene kjem og går til ulike tider for å hindre trengsel. For vaksne gjeld minst 1 meter mellom personar, også i faste treningsgrupper.

Skule, idrettslag og ansvarleg leigetakar skal sørge for at det er ein ansvarleg leiar / smittevernansvarleg (over 18 år) i kvar treningsgruppe, sørge for at alle ansvarlege treningsleiarar er kjende med krava som gjeld og at den ansvarlege held seg oppdatert med endringar som måtte kome:

- Det blir kravd at alle involverte held seg til Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norges idrettsforbund sine retningsliner for aktivitet.
- Dei ulike idrettane må halde seg til sitt idrettsforbund / særforbund sine koronavettreglar. Skulen skal følgje rettleiaren i "Trafikklysmodellen". Alle lokale vedtak som skjerpar krav frå kommunen eller sentrale/lokale helsemyndigheiter gjeld over retningsliner gjeve frå NIF.
- Det er laga egne reglar for idrettshall og symjehall. Desse reglane vil bli endra i takt med endringar gjevne av sentrale myndigheiter.
- Trenar og / eller lagleiar skriv under på at dette er lese og forstått .
- Brot på retningslinene kan medføre at anlegget blir stengt for aktuelle grupper.
- Det skal vere ein ansvarleg trenar/treningsleiar / smittevernansvarleg vaksen over 18 år i treningsgruppa.
- Vedkomande skal sjå til at reglane for bruk av treningslokale og garderobe blir fylgt.
- Han / ho skal og fylle ut og levere utfylt Kontrollskjema etter kvar trening / gruppe.

- Han / ho skal føre frammøteliste som omfattar alle som har vore tilstades eller innom i løpet av aktiviteten, og sørge for at lista blir oppbevart i minst 14 dagar i tilfelle behov for smittesporing.
- Han/ho skal sørge for å ha tilstrekkeleg med desinfiseringsmiddel / reingjeringsmiddel.

Retningslinjer frå relevante forbund

[Veileder fra Norges idrettsforbund fra 11. mai](#)

[Retningslinjer fra Norges håndballforbund](#)

[Retningslinjer fra Norges Gymnastikk- og turnforbund](#)

[Retningslinjer fra Norges basketballforbund](#)

[Retningslinjer fra Norges volleyballforbund](#)

[Retningslinjer fra innebandyforbundet](#)

[Smittevernreglar for skule og barnehage](#)

Underskrift

Eg er kjend med reglar for bruk av hall og garderober, og vil sørge for at leiarar av treningsgruppen rettar seg etter desse reglane:

Dato :.....

Sign.....

Organisasjon.....